

Barn og unge sentrale i flott julegudsteneste.

24.12.2018



Kyrkjelyden sette stor pris på både songane og julespelet som det flinke Tårnagentkoret framførte.

Vel 200 møtte fram til den flotte julegudstenesta i Uskedal kyrkje i dag. Dermed var kyrkja fullsett slik ho også var i fjar. Sokneprest i Husnes og Holmedal, Reidar Ådnanes, hadde julegudsteneste her i bygda for første gong, og han let barna i Tårnagentkoret overta preika ved å presentera julebodskapen gjennom song og julespel. Elles hadde også konfirmantane og Magnhild Haugland flotte bidrag i gudstenesta.



Kyrkja var fullsett under gudstenesta julaftan.

Tårnagentkoret opna gudstenesta med vakker song i 2 nummer. Skal sei denne gjengen er flinke og syng godt ut. Medan dei song kom konfirmantane opp midtgangen, leia av klokkar Oddbjørg Heimark, i fin lysprosesjon. Ein stileg og stemningsfull start.

Som nemnt overlet Reidar Ådnanes preikedelen til Tårnagentkoret i dag. Sjølv om Ådnanes er ein svært god formidlar av bodskapen, var dette eit svært godt val. Presten les juleevangeliet medan barna presenterte eit flott julespel. Der fekk dei godt fram kva jula handlar om. Magnhild Haugland bidrog med tonefølgje på euphonium på ein par av songane i spelet. Som solist spela ho ein av våre aller kjæraste julesongar 'O Helga Natt'. Her beviste ho for alle dei 200 i kyrkjelyden at gamle kunster ikkje var gløymt. Vakkert var det!



Magnhild Haugland hadde ei flott framføring av O Helga Natt på euphonium akkompagnert av Eva Megyesi på piano.

Som postludium song Tårnagentkoret 3 songar så dei var verkeleg sentrale. Kan vi tenkja oss noko betre enn at barn har ein stor plass i gudstenesta akkurat på julaftan? Nelly Kjærland og musikalsk leiar Eva Megyesi gjer ein svært god jobb med dette koret. I dag hadde dei også god hjelp av nemnde Magnhild og dei to konfirmantane Torbjørn Haugland og Karsten Huse Bjørnebøle som styrte lyden.

Dei gode julesalmane let svært godt som fellessong. Det er tydeleg at folk likar å syngja dei. Det gjorde og sitt til at dei 200 frammøtte fekk det dei kom for. Dei var verkeleg fylt med den gode julestemningå då dei gjekk ut frå kyrkja.

Det vart teke opp takkeoffer ved utgang og ved vipps. Dette går til det gode arbeidet som Frelsesarmèen gjer.



Konfirmantane Torbjørn Haugland og Karsten Huse Bjørnebøle var lydteknikarar for Tårnagentkoret.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland